



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/2678 - 18/28346

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.09.2018

Løyve til oppføring av tilbygg - gbnr 137/790 Alver

Administrativt vedtak. **Saknr: 494/18**

Tiltakshavar: Therese og Geir Braseth
Ansvarleg søker: Therese og Geir Braseth
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-4.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bod som tilbygg til einebustad. Bod er oppgjeve med bygd areal (BYA) ca. 7,5 m², som gjev eit bruksareal (BRA) på om lag 7 m². Samla grad av utnytting for eigedomen etter gjennomført tiltak er opplyst til 37,04 % BYA.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terregnarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.09.18 og justert søknad motteke 18.09.18 der tiltaket er endra til tiltak utan ansvar.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Mangerbua II/planid.:1263-200817 er definert som bustad føremål.

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 40 % BYA.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan rev. datert 23.08.18.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 1,5 meter.

Eigar av gbnr. 137/789 har i dokument datert 19.06.18 samtykka til at tiltaket kan plasserast 1 meter frå nabogrensa.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan. Avstand til offentleg veg er over 15 meter.

Tilbygget er tilpassa oppført einebustad på eigedomen, største høgde frå terreng til topp gesims er synt til å vere 2,4 meter, og vert oppført med pulttak med takvinkel på 5 °∠.

Tilkomst, avkørsle og parkering, vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser utebod i høve eksisterande godkjent einebustad på eigedomen.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre nabosamtykke frå gbnr. 137/789 for plassering av tiltak inntil 1 meter frå nabogrense på følgjande vilkår:

 **Alt. 2.**

Vilkåret for mitt samtykke er at tiltaket på naboeiendommen blir utført brannteknisk på en slik måte at det ikke får konsekvenser for min rett til å føre opp tiltak på min eiendom etter gjeldende plan- og bygningslov med forskrifter. Jeg gir med dette erklæring om at ovennevnte eiendom får adgang til å plassere tiltaket 1 meter, fra grenselinjen mot min eiendom jfr. Plan- og bygningsloven § 29-4, andre ledd.

Det ligg føre fullmakt frå heimelshavar av gbnr. 137/790 til Seim Bygg AS til å forestå søknad på deira vegne. Fullmakt er datert 25.08.16.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 vert det gjeve løyve til oppføring av utebod som tilbygg til bustad på eidegom gbnr. 137/790 slik som omsøkt og synt på teikningar motteke 04.09.18. Løyve vert gjev på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan revidert 23.08.18 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/2678

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
Therese og Geir Braseth	Nedre Mangerbua 51	5911	ALVERSUND
Therese Urdahl Braseth	Nedre Mangerbua 45	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------